

Saksnr. 18/1743

Søknad om dispensasjon

Til Meland Kommune

Eg ønskjer å byggja ein enkel garasje på 6mx4.2m, på eigedomen vår, Gardnr 23/bruknr 486 på Frekhaug. Etter å ha vorte gjort kjend med gjeldande grense- og areal-forskrifter søker eg hermed om dispensasjon frå desse. (§ 4 e)TU% tomteutnyttelse og frå byggegrense mot veg, som er regulert på 6 meter i reguleringsplanen for Frekhaug Aust av 1993.)

Grunngjeving:

Garasjen vil koma til å stå 3m frå byggegrensa. Tomta er såpass lita at det vert vanskeleg å plassera garasjen utanfor denne grensa.

Reguleringsplanen seier også at tomteutnyttinga ikkje skal overskrida 43%. Tomta er lita og rekkehuset som er bygd her er allereie over denne prosentten. Ein garasje på ca 24 m2 vil ikkje auka denne prosentandelen i serleg stor grad.

1. Eg søker om dispensasjon frå byggegrense mot veg.
2. Eg søker om dispensasjon frå tomteutnyttingsforskriftene i Reguleringsplan for Frekhaug Aust.

Frekhaug 13. juli 2018

Med helsing,


Åshild Bjørkum Furukawa

Vedlegg:

1. Kvittering for nabovarsel
2. Opplysninger gitt i nabovarsel
3. Situasjonkart
4. Avstandsærklæring
5. Merknad motteke i forhold til tidlegare idear til plassering av garasjen